



**Seksjon stab - Politisk og administrativt sekretariat**

Vår ref: 2018/1262-2

Dato: 07.05.2018

Til: Linda Øen

Frå: Bente Høyland

**Spelemidler til Lokale kulturbygg 201/ - prioritering av søknader**

Formannskapet hadde saka føre i møte 03.05.2018 som sak 2018/31.

Vedlagt følger utskrift der vi syner til vedtaket.

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2018/1262-1

**Saksbehandlar**

Linda Øen

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2018/31	Formannskapet	03.05.2018

## Spelemlidar til Lokale kulturbygg 2018 - Prioritering av søknader

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommune prioriterer søknader om tilskot til Lokale kulturbygg 2018 som følgjer:

1. Dalheim
2. Fleirbrukslokale for kultur ved Steinparken Rosendal

### Behandling i Formannskapet den 03.05.2018

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### Vedtak frå Formannskapet den 03.05.2018

*Kvinnherad kommune prioriterer søknader om tilskot til Lokale kulturbygg 2018 som følgjer:*

- 1. Dalheim*
- 2. Fleirbrukslokale for kultur ved Steinparken Rosendal*

### Saksutgreiing:

Hordaland fylkeskommune lyser ut tilskot til lokale kulturhus gjennom tilskotsordninga "Tilskot til lokale kulturhus og formidlingsarena". Midlane til ordninga er ein del av spelemiddelordninga. Søknaden skal fremjast gjennom den kommunen der kulturhuset ligg. Kommunen fastset frist for innsending av søknader til kommunen. Kvinnherad kommune har søknadsfrist 02.05 for vidareending til Hordaland fylkeskommune.

### Føremål med tilskotet

Tilskota skal medverka til eigna lokale og bygningar som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Bygningane skal fungera som kulturelle møtestader for lokalmiljø og/eller region. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturhus, men ikkje til ordinært vedlikehald eller drift. Utearena for kulturell verksemd er og omfatta av føremålet.

### **Fylkeskommunal prioritering**

Hordaland fylkeskomme følgjer reviderte retningslinjer for forvaltning av desentralisert ordning for

tilskot til kulturbygg. Følgjande vert vekta:

- Kommunal prioritering
  - Kvaliteten på søknaden
  - Tidspunkt for fyrste gang søkt kulturhusmidlar
  - Søknadsmassen for dei einskilde kommunane
  - Innbyggjartal i kommunane
  - Det er sett ei maks grense på tildeling på kr. 500 000 pr. år slik at fleire kommunar kjem med i tildelinga
- 
- Samla tilskot er avgrensa til kr 1 000 000,-
  - Søknader som får tildeling på delar av godkjend søknadssum får ikkje automatisk dekkja restbeløpet dei kommande åra då utviklinga av dei økonomiske rammene for tilskotsordninga er ukjende.

### **Sakshandsaming og prioritering i Kvinnherad kommune**

Kvinnherad kommune lyste ut tilskot til lokale kulturhus og formidlingsarena på Kvinnherad Kommune si heimeside og lokalavisene. Det er kome inn 1 ny søknad for 2018.

#### Oppgradering av ungdomshuset Dalheim – Søkjer for 3. gang

Omvikdalen ungdomslag søkjer om tilskot til å oppgradera og renovera inngangspartiet, toalettanlegget og spisesalen i forsamlingshuset Dalheim i Omvikdalen. Særleg er dette viktig med tanke på universell utforming. Total kostnadsramme for prosjektet er kalkulert til kr. 1 316 060,-, dei søkjer om tilskot på kr 438 686,-.

#### Fleirbrukslokale i Steinparken – Ny søknad

Rosendalsstiftinga søkjer om midlar til Fleirbrukslokale i Steinparken som skal vera både utstillingslokale, undervisningslokale og møtelokale. Total kostnadsramme for prosjektet er kalkulert til 3 500 000,-, dei søkjerom tilskot på kr. 983 000,-

### **Vurdering**

Kvinnherad kommune kan ikkje rekne med å få tilsegn på meir en eit bygg kvart år med ei øvre tilsegnsramme på 500 000,-. Søkjarar på ordninga vert førebudde på at dei gjerne må søkje fleire år på rad før søknaden vert imøtekome med tilskot, og det er KØ-prinsippet som ligg til grunn for Rådmannen si innstilling.

### **Økonomisk konsekvens:**

### **Miljømessig konsekvens:**

Vedlegg: